



SAK 01/07 UTTALE STAMNETTUTGREIINGAR

VEG

1. Transportkorridoren gjennom Hallingdal er ein av dei viktigaste korridorane mellom aust og vest og den viktigaste mellom Oslo og Bergen. Rv7/Rv52 er det kortaste og raskaste stamvegsambandet mellom Oslo og Bergen. I tillegg er ruta hovudsambandet mellom Osloområdet og store delar av Sogn og Fjordane opp mot Nordfjord.
Desse forholda må ha konsekvensar for framtidige prioriteringar.
2. Eit godt utbygd riksvegnettet og stamveg gjennom Hallingdal er avgjerande, for at Hallingdal skal oppretthalde stillinga som ein av dei største og viktigaste reiselivsregionane i landet. Desse forholda er godt dokumentert.
3. Regionrådet for Hallingdal støttar i grove trekk forslag til tiltak som er lagt inn for stamvegrute 5b, Rv 7/Rv 52 Hønefoss – Gol – Borlaug, utan at det er teke stilling til prioritering av dei konkrete tiltaka. Men Regionrådet kan ikkje akseptere ambisjonsnivået om at tiltaka skal gjennomførast i eit trettiårsperspektiv. Ikkje minst ut frå at heile 61% av veglengda pr. 1.1.2006 er strekningar som ikkje tilfredsstillar ein akseptabel minstestandard
4. Som grunnlag for økonomiske prioriteringar m.a. for dei komande 10 åra er det skissert tre aktuelle strategiar:
 1. Utbetring av lågtrafikkerte vegar med låg geometrisk standard
 2. Utbygging av høgtrafikkerte vegar med mange ulykker og køproblem
 3. Utbygging og utbetring av dei viktigaste vegane først (E6, E18, E39, E16, Rv.7/Rv. 52)

Regionrådet for Hallingdal ser det som umogeleg å reindyrke ein av desse strategiane, men vil peike på nokre forhold som det er viktig å ta omsyn til:

- a) Vegar med relativt låg ÅDT og ein vegstandard i forhold til dette, kan ha svært store trafikkvariasjonar i periodar og i tider av døgnet. Rv7 er eit godt døme på dette, der døgntrafikken i periodar kan vera 3 – 4 gonger større enn det normale.
 - b) Vegar med stor del helgetrafikk og tungtrafikk.
 - c) Spesielt ulykkesutsatte vegar sjølv om dei ikkje er høgtrafikkerte. Også her er Rv7/Rv52 i ein spesiell situasjon med eit snitt på 14 drepne eller hardt skadde pr. år dei siste 15 åra, på ein strekning på ca. 200 km.
5. Regionrådet for Hallingdal føreset at bygging av ny veg Ramsrud - Kjeldbergsvingane vil starte i 2008 med avslutning i siste halvdel av planperioden. Likeeins at prosjektet Sokna – Ørgenvika får sin oppstart i fyrste del av inneverande planperiode.
 6. Det er viktig at framdrifta og finansieringa av ulike delprosjekt på Rv35 blir gjennomførte snarast råd. For Hallingdal som største reiselivsregionen i landet vil Gardermoen vera den viktigaste flyplassen og det er derfor avgjerande å korte ned reisetida så mykje som mogeleg.
 7. Stamvegutgreiinga har ikkje noko tema der det er vurdert endring av status for riksvegar til stamvegar eller at stamvegar blir nedgradert til riksvegar.

Regionrådet for Hallingdal vil i denne omgang peike på Rv7 sin status som gjennomgående rute, av stor betydning for transport mellom landsdelar. Etter at prosess med fylkesdelplan for Hardangervidda er gjennomført vil det vera naturleg å vurdere om Rv7 Gol – Brimnes skal oppgraderast til stamveg.

JERNBANE ("Mer på skinner fram mot 2040")

8. Bergensbanen er landets mest trafikkerte fjernstrekning og ein svært viktig turistbane. Bergensbanen er kåra til ein av dei finaste jernbanestrekningane i verda og Bergensbanen med tilknyting til Flåmsbana er rangert blant dei mest besøkte turistattraksjonane i landet. For godstrafikken spelar Bergensbanen ein betydeleg rolle først og fremst med containertog mellom Oslo og Bergen. For 2005 var jernbanen sin marknadsdel for gods mellom Oslo og Bergen ca. 40 % (snaue 200 vogntog pr. døgn). Jernbanen står på mange måtar ved eit vegskilje. Det er nødvendig med omfattande modernisering dersom jernbanen skal spela ei viktig rolle som framtidig transportform. Regionrådet for Hallingdal vil hevde at dersom det ikkje blir teke eit krafttak for modernisering av jernbanenettet, vil fjernstrekningar som Bergensbanen ikkje vera konkurransedyktige om få år. Dette vil stå i sterkt kontrast til auka satsing på jernbane, som stortingsfleirtalet har signalisert.
9. Forkortinga av Bergensbanen (Ringeriksbanen) vil gje Bergensbanen ei heilt nødvendig modernisering. Dette er eit viktig tiltak for lokaltrafikken Hønefoss – Oslo og som aust – vest samband Oslo – Bergen. Men i like stor grad vil innkortinga av Bergensbanen ha enormt mykje å seia for Hallingdal, som den største reiselivsregionen i landet. Skal jernbanen overleva som eit godt og framtidsretta kommunikasjonsmiddel og ikkje berre i samband med "inter-city trafikk" må det både vera visjonar og vilje til å investere i morgondagens jernbane. Regionrådet for Hallingdal er samd i Jernbaneverket sine vurderingar og vil hevde at målsettinga bør vera ei reistid på under 5 timer (1,5 timer mindre enn i dag), Oslo – Bergen innan 2020.

År 2.1.2007

Regionrådet for Hallingdal

Knut Arne Gurigard

Knut Arne Gurigard

Dagleg leiar